

AVTALE OM INNLØYSING AV ÅRLEG AVGIFT

FOR GNR. 53 BNR. 5 I VOSS

Mellom

Asle Gjeraker pnr. 300457.41733
Ringheimsvegen 153
5710 Skulestadmo

tlf.: 974 80 093
e-post: asgjera@online.no

som eigar av gnr. 53 bnr.1, og heimelshavar til gnr. 53 bnr. 5 i Voss

og

Hordaland fylkeskommune ft nr. 938 626 367
Agnes Mowinckelsgt. 5
5020 Bergen

Kontaktperson: Guro Klyve
tlf.: 55 23 95 13
e-post: Guro.Klyve@hfk.no

som festar til gnr. 53 bnr. 5 i Voss

Bakgrunn:

Dåverande eigar av 53/1 festa i 1951 m.a. bort ei tomt til Bidne (feste nr. 3 under 53/1). Tomtefeste vart tinglyst på 53/1 den 21.03.1951, utan skylddeling og utan å få eige bnr.

Kort tid etter (1954) vart det inngått arvefesteavtale om eit større areal, ca 15,4 dekar mellom dåverande eigar av 53/1 og Voss jordbrukskule (no Hordaland fylkeskommune). Arvefesteskøytet vart tinglyst den 01.12.1954. Kjøpesummen skulle svarast som ein årleg avgift. Arealet vart frådelt med eige gnr./bnr.: 53/5. Det vart då sagt/ skrive at Jordbrukskulen skulle gå inn i grunneigar sin stad overfor Bidne (feste nr. 3 under 53/1).

Når det gjeld feste nr. 3 til Bidne, viser det seg at festetomta reelt og strekkje seg inn på Jordbrukskulen sin eigedom 54/5 (utover tomta 53/5). Feste nr. 3 er framleis kun tinglyst på 53/1 (Gjeraker sin eigedom) og ikkje på 53/5 (den tomta som jordbrukskulen betalar ein årleg avgift/grunnbyrde på til Gjeraker), og heller ikkje på jordbrukskulen sin eigedom 54/5. Då feste nr. 3 ikkje vart sletta på 53/1 og ikkje ført over på 53/5, kan det vera argument for at feste nr. 3, «Bidne-tomta», er det vi i dag kallar framfeste frå Jordbrukskulen.

(Det vart og festa bort anna areal (Neverdal) frå 53/1 som ligg på 53/5, men den/ dei er alt sletta frå 53/1, og er utskilt som 2 tomter; 53/6 og 53/13. Det er uklart korleis det har kome i stand.)

53/5 er i dag registrert med eit areal i matrikkelen på 13.887,6 kvm.

For å løysa opp i uklarheitene er **Hordaland fylkeskommune** og **Asle Gjeraker** vorte einige om følgjande:

1

Arvefesteavtalen frå 1954 danna grunnlag for eigedomsrett med ei grunnbyrde, og Hordaland fylkeskommune (HF) får løysa inn den årlege avgifta for 53/5 med ein eingongssum, mot å få skøyte på 53/5.

Innløysinga omfattar også den delen av «Bidne – tomta» festa nr. 3 under 53/1, som reint faktisk ligg på 53/5. HF har alt ansvar for at festa nr. 3 under 53/1 vert sletta så snart det lar seg gjere, og Asle Gjeraker forpliktar seg til å signere på naudsynte dokument i samband med dette. Tilhøvet til festar av festa nr. 3 («Bidne-tomta»), noverande festar; Hestavangen Dyreklinikk AS, vert fullt ut eit tilhøve mellom HF og Hestavangen Dyreklinikk AS som HF har alt ansvar for, (som Asle Gjeraker ikkje har noko ansvar for).

Ut frå omstenda i denne saka er innløysingssummen sett til kr 370.000,-.

HF er sjølve ansvarlege for evt. nødvendige løyver, herunder konsesjon.

Innløysingssummen for 53/5 med kr. 370.000,- skal betalast til advokat Heine Tvilde sin klientkonto 9581.05.07102, innan 26.04.2016, og advokat Tvilde skal så straks tinglysa ein urådighetserklæring til fordel for HF på 53/5, og oversenda underskrive skøyte til HF. HF må sjølve sørge for tinglysing

2

HF skal dekka omkostningane med saka, herunder salærkrav frå advokat Tvilde.

I den grad HF ynskjer bistand frå advokat Tvilde i høve festet nr. 3 «Bidne-tomta», gjev Asle Gjeraker samtykke til det.

3. Vedlegg:

Kartskisse

4.

Denne kontrakten er skiven i 3 eksemplar, eitt til kvar av partane og eitt til advokat Tvilde.

Voss den 8/3 20 16


Asle Gjeraker
Asle Gjeraker

Bergen den 18.03 20 16

Johan Førstad
Hordaland fylkeskommune



Dato: 18.02.2016



Det kan vera feil eller manglar i
grenseinformasjonen. Ta kontakt med kommunen
eller Kartverket dersom du meiner
eigedomsgrenser eller areal er feil.